



# DEN NORSKE KYRKJE

## Vang prestegjeld

---

Vang 11.10.2019

### ÅRSMELDING FOR KYRKJENE 2016

Leiar for Kyrkjeleg fellesråd har vore Kristin Bakke Lajord, Kai Arne Tørstad er nestleiar. Leiarar i sokneråda: Anne Mette Brække i Øye, Kristin Bakke Lajord i Vang, Ellen Anne Hovda i Heensåsen og Sidsel Offergaard Jevne i Høre.

#### Mål for fagområdet:

- Gje eit best mogleg kyrkjeleg tilbod til kommunen sine innbyggjarar.
- Skape trivsel og tryggleik for tilsette.
- Kyrkja skal vere ein aktiv medspelar i det lokale kulturlivet til glede for bygdefolk og tilreisande.
- Kyrkjene i Vang skal medverke til eit godt oppvekstmiljø for born og unge i kommunen.
- Legge til rette for besøkande og brukarar av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halde kyrkjer og kyrkjegardar godt i hevd og i god stand så dei framleis kan vere ein viktig del av kommunen sitt ansikt utad.
- Gjere kyrkjer og kyrkjeleg aktivitet kjend for turistar og hyttefolket i Vang. Auke informasjon og synleggjering gjennom gamle og nye media. Bruke facebook aktivt og utvikle eiga heimeside for kyrkjene i Vang

#### Frå Vang prestegjeld og Kyrkjeleg fellesråd sitt arbeid kan nemnast:

- **Statistikk.** I kyrkjene vart det i 2016 halde 67 gudstenester med i alt 3927 deltakarar, 16 døypte, 16 konfirmerte, 8 par vigde, 30 gravlagt, og 8 konsertar med 952 tilhøyrarar. Talet på gudstenestedeltakarar held seg på same nivå som året før, medan talet på konserttilhøyrarar har gått opp.
- **Kyrkjeleg fellesråd** har hatt 5 møter og behandla 21 saker.
- **Rekneskapan for 2016** viser til eit netto mindreforbruk på kr 248 506,-.
- **Ny sokneprest** Carl Philip Weisser gjekk over til stillinga som prost i Valdres og ny sokneprest i Vang er Ingebjørg Vik Laugaland.
- **Strategiplan for kyrkja i Vang.** Sokneråda, fellesrådet og soknepresten har utarbeidd strategiplan for kyrkja i Vang der mål for arbeidet og tiltak er sett ned.
- **Kyrkjegardsvedtekter.** Etter at gravferdslova vart revidert i 2014, var det nødvendig å revidere våre eigne vedtekter for kyrkjegardane. Det vart ikkje gjort store endringar utover det som var nødvendig i høve til lova. Vedtektene vart godkjent av biskopen 10.juni 2016.
- **Muslimsk gravfelt** Som gravferdsetat for alle har vi plikt til å sørge for at muslimar og kan gravleggast etter sine krav. Teknisk etat har vore med, og vi får hjelp av det muslimske gravferdsbyrået Al-Khidmat, for å finne rett retning på gravene. Arbeidet vart ikkje ferdig i 2016.
- **Ny IKT-plattform.** Etter fleire års arbeid med å lage ein felles IKT-plattform for kyrkje-Norge, vart dette ein realitet i 2016. Fellesløysingane er både basisløysingar og felles fagsystem som t.d. sak-arkiv-møteløysing, heimesider og intranett. Dette tilfredsstillar og krav til sikkerheit, og vi har framtidretta IKT-løysingar. Soknepresten er og innlemma i dette.



# DEN NORSKE KYRKJE

## Vang prestegjeld

---

- **Barn og unge.** Etter at kristendomsundervisninga vart endra til eit allment orienteringsfag om religion i skulen, skal kyrkja sjølv sørge for opplæringa for alle aldersgrupper frå 0-18 år. Valdres prosti har i fleire år fått ei fast tildeling av midlar til trusopplæring over statsbudsjettet. Vang har ei 20% stilling for trusopplærar som vert delt mellom Anne L Belsheim som er med på ein del aktivitetar, og Guro Hovda som har hovudfokus på det administrative. Vang har mykje godt arbeid i gang. I samband med dåp og konfirmasjon har vi hatt gode opplegg i mange år. Dei seinare åra har LysVaken for 11-åringar og Tårnagentar for 8-åringar, Alle gode ting for 6-åringar, og Babysong vorte gode og populære aktivitetar med stort frammøte. Med den nye soknepresten kom og nye innspel, og mange aktivitetar ventar på å bli utprøvd. Soknepresten og trusopplærarane har, i samarbeid med sokneråda, ei heilt nødvendig oppgåve i organiseringa av trusopplæringstiltaka.
- **Økonomiarbeid.** Det er etablert ein god kommunikasjon mellom fellesrådet og kommunen når det gjeld økonomiarbeidet.
- **Omvising i kyrkjene.** Valdres Destinasjon står for administrasjonen av omvisinga, og sokneråda følgjer opp det praktiske. Øye stavkyrkje og Høre stavkyrkje har vore opne med omvising i skuleferien, medan St.Tomas har vore open utan omvising. Besøkstalet auka mykje i Høre, medan det var stabilt i Øye. Eit stavkyrkjeforum der Valdres natur- og kulturpark og er med, arbeider med fellestiltak i Valdres når det gjeld omvising, publikasjonar, marknadsføring, kursing av omvisarar m.m. Kurset for omvisarane i guiding og elles informasjon om heile Valdres som eitt område er svært nyttig, og målet er å fortsetje dette. I 2014 vart Stavkyrkjeeigarforum oppretta. Dette nasjonale forumet skal ha fokus på merkevarebygging og å auke verdiskapinga gjennom samarbeid med alle stavkyrkjeeigarar.
- **Pilegrimsveg og kyrkjepass.** Vang prestegjeld samarbeider med heile prostiet om den merka pilegrimsvegen gjennom Valdres. Kvar sommar går det ein felles vandring frå Hedalen til St. Tomaskyrkja med besøk i mange av kyrkjene våre. Det er og enkeltpersonar og mindre grupper som går vegen åleine. Vegen vekker merksemd i heile landet og er med på å gjere Vang og Valdres kjend på ein positiv måte. Som einaste prosti i landet har Valdres eit eige kyrkjepass. Det er utarbeida i samarbeid med Valdres natur og kulturpark etter ide frå Carl Philip Weisser då han var sokneprest i Vang. Passet er i bruk både av fastbuande og turistar.
- **Vedlikehaldsoppgåver.** Vedlikehaldslista blir tatt opp ein gong i året. På dei årlege dugnadene på kyrkjegardane vert det gjort mykje praktisk arbeid, og er ein viktig arena for utveksling av gode tankar og idear. Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen har vore godt, og kyrkjegardsarbeidaren og utekarane i teknisk etat samarbeider om mykje dagleg vedlikehald. Ved Øye stavkyrkje vart gjerdet reparert. I Vang kyrkje fekk vi reparert taket etter at det vart oppdaga i 2015 at himlinga var losna. Samtidig vart eswa-platene teke ned og det gamle taket kom til syne, og heile taket vart måla. Glasa på Heensåsen kyrkje vart kitta oppatt, og to veggar vart måla. Nye vasspostar vart sett på alle kyrkjegardar, og alle kyrkjer fekk nøkkelboksar ute til kyrkjenøklar.
- **Øyebakkin; Servicebygg, vassforsyning, utviding av kyrkjegard, parkeringsplass og ny veg i Øye.** Reguleringsplanen er ikkje ferdig. Det er semje om kor servicebygget bør liggje, og lenge var det og kostnadene ved bygget og vassforsyninga som stoppa vidare framdrift. På grunn av stort arbeidspress på planleggjar i kommunen har det teke tid å få i gang arbeidet att med reguleringsplanen, men i november vart den sendt ut til ny høyring. Kommunen ynskjer at vi skal fortsetje planlegging av dei tiltaka som er nødvendig for å drive kyrkje, - ny veg, parkeringsplass og utviding av kyrkjegarden.



# DEN NORSKE KYRKJE

## Vang prestegjeld

---

- **Parkeringsplass ved St.Tomaskyrkja.** Parkeringstilhøva ved St.Tomaskyrkja har aldri vore avklara med stølsnaboar. No er det laga ein plass nede ved vegen på vestsida av innkøyringa.
- **Onsdagskafeen i Drengestøga** er eit sosialt møtepunkt, der ein kan få ein prat over kaffikoppen. Vaffelsteikinga går på omgang av frivillige. Ein kan og få seg ein trimtur med utgangspunkt frå Drengestøga.
- **Kultur i kyrkjene.** Kyrkjene er gode konsertlokale og i løpet av året er det mange konsertar med både klassisk musikk, viser, folkemusikk, kor og korps. Lokale musikarar bidreg både med eigne konsertar og ved mange gudstenester.
- **Facebook-sida «Kyrkja i Vang»** har vore flittig brukt av mange i Vang og andre stader. Det er dagleg leiar og soknepresten som administrerer den. Der vert aktuelle saker og bilete frå diverse aktivitetar lagt ut.

### Utfordringar framover:

- Utvikle dei gode kyrkjelege tiltaka for barn og unge, og innarbeide trusopplæringsplanen med kyrkjelege tiltak for alle årskull.
- Få godkjent reguleringsplanen på Øyebakkin, og arbeide for at planen blir sett ut i livet.
- Gjennomføre godt vedlikehald på kyrkjer og bårhus.
- Arbeide for at Valdres Destinasjon kan halde ope begge stavkyrkjene.
- Samarbeide med andre stavkyrkjeeigarar og Valdres natur- og kulturpark om omvising og andre fellestiltak.
- Gjera både kyrkjer og kyrkjelege aktivitetar meir kjent for turistar, - både dei som dreg gjennom Vang og dei som har hytter/fritidshus i Vang. Gi god informasjon på nettet.
- Finne ein god måte å ta vare på gamle og verneverdige gravsteinar, og gjera dei synlege.



# DEN NORSKE KYRKJE

## Vang prestegjeld

---

Vang 11.10.2019

### ÅRSMELDING FOR KYRKJENE 2017

Leiar for Kyrkjeleg fellesråd har vore Kristin Bakke Lajord, Kai Arne Tørstad er nestleiar. Leiarar i sokneråda: Anne Mette Brekke i Øye, Kristin Bakke Lajord i Vang, Ellen Anne Hovda i Heensåsen og Sidsel Offergaard Jevne i Høre.

#### Mål for fagområdet:

- Gje eit best mogleg kyrkjeleg tilbod til kommunen sine innbyggjarar.
- Skape trivsel og tryggleik for tilsette.
- Kyrkja skal vere ein aktiv medspelar i det lokale kulturlivet til glede for bygdefolk og tilreisande.
- Kyrkjene i Vang skal medverke til eit godt oppvekstmiljø for born og unge i kommunen.
- Legge til rette for besøkande og brukarar av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halde kyrkjer og kyrkjegardar godt i hevd og i god stand så dei framleis kan vere ein viktig del av kommunen sitt ansikt utad.
- Gjere kyrkjer og kyrkjeleg aktivitet kjend for turistar og hyttefolket i Vang. Auke informasjon og synleggjering gjennom gamle og nye media. Bruke facebook aktivt og utvikle eiga heimeside for kyrkjene i Vang

#### Frå Vang prestegjeld og Kyrkjeleg fellesråd sitt arbeid kan nemnast:

- **Statistikk.** I kyrkjene vart det i 2017 halde 77 gudstenester med i alt 3493 deltakarar, 12 døypte, 14 konfirmerte, 9 par vigde, 15 gravlagt, og 10 konsertar med 1069 tilhøyrarar. Talet på gudstenestedeltakarar har gått litt ned i høve til året før, medan talet på konserttilhøyrarar har gått opp.
- **Kyrkjeleg fellesråd** har hatt 5 møter og behandla 19 saker.
- **Rekneskapan for 2017** viser til eit netto mindreforbruk på kr 321 030,-.
- **Strategiplan for kyrkja i Vang.** Sokneråda, fellesrådet og soknepresten har utarbeidd strategiplan for kyrkja i Vang der mål for arbeidet og tiltak er sett ned. Arbeidet med å revidere planen vart starta i 2017 og vert fullført i 2018.
- **Muslimsk gravfelt** Som gravferdsetat for alle har vi plikt til å sørge for at muslimar og kan gravleggast etter sine krav. Teknisk etat har vore med, og vi får hjelp av det muslimske gravferdsbyrået Al-Khidmat, for å finne rett retning på gravene. Arbeidet vart ikkje ferdig i 2017.
- **Ny IKT-plattform.** Etter fleire års arbeid med å lage ein felles IKT-plattform for kyrkje-Norge, vart dette ein realitet i 2016, og etter opplæring er vi i gang med å nytte dette. Fellesløysingane er både basisløysingar og felles fagsystem som t.d. sak-arkiv-møteløysing, heimesider og intranett. Dette tilfredsstillar og krav til sikkerheit, og vi har framtidsretta IKT-løysingar. Soknepresten er og innlemma i dette.
- **Barn og unge.** Etter at kristendomsundervisninga vart endra til eit allment orienteringsfag om religion i skulen, skal kyrkja sjølv sørge for opplæringa for alle aldersgrupper frå 0-18 år. Valdres prosti har i fleire år fått ei fast tildeling av midlar til trusopplæring over statsbudsjettet. Vang har ei 20% stilling for trusopplærar som vert delt mellom Anne L Belsheim som er med på aktivitetar, og Guro Hovda som har hovudfokus på det administrative. Vang har mykje godt arbeid i gang. I samband med



# DEN NORSKE KYRKJE

## Vang prestegjeld

---

dåp og konfirmasjon har vi hatt gode opplegg i mange år. Dei seinare åra har LysVaken for 11-åringar og Tårnagentar for 8-åringar, Alle gode ting for 6-åringar, og Babysong vorte gode og populære aktivitetar med stort frammøte. Nye aktivitetar vert stadig prøvd ut. Soknepresten og trusopplærarane har, i samarbeid med sokneråda, ei heilt nødvendig oppgåve i organiseringa av trusopplæringstiltaka.

- **Økonomiarbeid.** Det er kommunikasjon mellom fellesrådet og kommunen når det gjeld økonomiarbeidet, men det har forbedringspotensiale. For at kyrkjeverja skal kunne vere oppdatert, er det ynskjeleg at ho kan vere meir med i leiarmøte når det er aktuelle saker som vert teke opp. Fellesrådet fekk varsel om at kyrkja og må vere med og spare frå 2019. I 2016 fekk fellesrådet eit mindreforbruk som vi brukte delar av på å pusse opp Drengestøga. Sjå under vedlikehald.
- **2 høyringar:** Reglar for val av sokneråd, bispedømeråd, Kyrkjemøtet vart handsama i fellesrådet, og svar vart sendt inn. Trus- og livssynslov: Denne vart teke på alvor og sokneråda og fellesrådet la mykje arbeid i svaret. Det er viktig at også vi som er små seier vår meining, slik at ikkje berre dei store blir høyrte.
- **Omvising i kyrkjene.** Valdres Destinasjon står for administrasjonen av omvisinga, og sokneråda følgjer opp det praktiske. Øye stavkyrkje og Høre stavkyrkje har vore opne med omvising i skuleferien, medan St. Tomas har vore open utan omvising. Besøkstalet var stabilt både i Høre og Øye. Eit stavkyrkjeforum der Valdres natur- og kulturpark og er med, arbeider med fellestiltak i Valdres når det gjeld omvising, publikasjonar, marknadsføring, kursing av omvisarar m.m. Kurset for omvisarane i guiding og elles informasjon om heile Valdres som eitt område er svært nyttig, og målet er å fortsetje dette. I 2014 vart Stavkyrkjeeigarforum oppretta. Dette nasjonale forumet skal ha fokus på merkevarebygging og å auke verdiskapinga gjennom samarbeid med alle stavkyrkjeeigarar. Ei stavkyrkjehelg vart arrangert i august. Då var alle stavkyrkjene i Valdres opne, og alle hadde eit program i løpet av helga. Så også i Øye og Høre. Lokale krefter deltok med musikk og fortellingar.
- **Opne kyrkjer.** I juli var kyrkjene i Øye og Vang opne som ein test på behovet. Mange var innom, men på grunn av forsikringane kan vi ikkje fortsetje med det, utan at vi har vakter i kyrkjene.
- **Pilegrimsveg og kyrkjepass.** Vang prestegjeld samarbeider med heile prostiet om den merka pilegrimsvegen gjennom Valdres. Kvar sommar går det ein felles vandring frå Hedalen til St. Tomaskyrkja med besøk i mange av kyrkjene våre. Det er og enkeltpersonar og mindre grupper som går vegen åleine. Vegen vekker merksemd i heile landet og er med på å gjere Vang og Valdres kjend på ein positiv måte. Som einaste prosti i landet har Valdres eit eige kyrkjepass. Det er utarbeida i samarbeid med Valdres natur og kulturpark etter ide frå Carl Philip Weisser då han var sokneprest i Vang. Passet er stadig i bruk både av fastbuande og turistar.
- **Øyebakkin; Servicebygg, vassforsyning, utviding av kyrkjegard, parkeringsplass og ny veg i Øye.** Reguleringsplanen er ikkje ferdig. Det er semje om kor servicebygget bør liggje, og lenge var det kostnadene ved bygget og vassforsyninga som stoppa vidare framdrift. På grunn av stort arbeidspress på planleggjarane i kommunen har det teke tid å få i gang arbeidet att med reguleringsplanen, men no er arbeidet sett i gang att, og det set vi pris på. Etter eit nyttig møte mellom kommunen og Riksantikvaren / fylket vart det laga ein plan for vidare arbeid.
- **Onsdagskafeen i Drengestøga** er eit sosialt møtepunkt, der ein kan få ein prat over kaffikoppen. Vaffelsteikinga går på omgang av frivillige. Ein kan og få seg ein trimtur med utgangspunkt frå Drengestøga.





# DEN NORSKE KYRKJE

## Vang prestegjeld

---

- **Kultur i kyrkjene.** Kyrkjene er gode konsertlokale og i løpet av året er det mange konsertar med både klassisk musikk, viser, folkemusikk, kor og korps. Lokale musikarar bidreg både med eigne konsertar og ved mange gudstenester.
- **Informasjon på nettet.** Facebooksida «Kyrkja i Vang» har vore flittig brukt av mange i Vang og andre stader. Det er dagleg leiar og soknepresten som administrerer den. Der vert aktuelle saker og bilete frå diverse aktivitetar lagt ut. Det vart arbeidd med ei eiga nettside for kyrkja, og arbeidet fortset inn i 2018.
- **Utvida parkering ved Heensåsen kyrkje.** Ved kyrkja er det få parkeringsplassar, og etter spørsmål frå kommunen, er det sett i gang arbeid med å få utvida parkeringsplassen ved krysset aust for kyrkja. Soknerådet set pris på tiltaket.
- **Universell utforming.** Inngangspartiet til Øye kyrkje vart lagt betre til rette for alle, og flytegolv inne i våpenhuset vart laga.
- **Vedlikehald.** Vedlikehaldslista blir tatt opp ein gong i året. På dei årlege dugnadene på kyrkjegardane vert det gjort mykje praktisk arbeid, og er ein viktig arena for utveksling av gode tankar og idear. Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen har vore godt, og kyrkjegardsarbeidaren og utekarane i teknisk etat samarbeider om mykje dagleg vedlikehald. Ved Høre stavkyrkje vart delar av steingjerdet reparert. For midlane som ikkje var brukt i 2016 vart Drengestøga pussa opp. Prestekontoret fekk nye møblar, og i møterommet vart veggane måla og golvet slipt, og ny inngangsdør vart sett inn. Vi har bedt kommunen – som eig huset - om å byte glasa på loftet.
- **Vedlikehaldsbehov 2018** I Vang kyrkje er det teikn til råte i eit hjørne, det må sjekkast. Heensåsen kyrkjegard treng nytt gjerde, kyrkja treng måling og tilkomsten til tårnet må sikrast. Toalettet i Høre treng oppussing. Øye og Vang treng nye løparar.

### Utfordringar framover:

- Utvikle dei gode kyrkjelege tiltaka for barn og unge, og innarbeide trusopplæringsplanen med kyrkjelege tiltak for alle årskull.
- Få godkjent reguleringsplanen på Øyebakkin, og arbeide for at planen blir sett ut i livet.
- Gjennomføre godt vedlikehald på kyrkjer og bårehus.
- Arbeide for at Valdres Destinasjon kan halde ope begge stavkyrkjene.
- Samarbeide med andre stavkyrkjeeigarar og Valdres natur- og kulturpark om omvising og andre fellestiltak.
- Gjera både kyrkjer og kyrkjelege aktivitetar meir kjent for turistar, - både dei som dreg gjennom Vang og dei som har hytter/fritidshus i Vang. Gi god informasjon på nettet.
- Finne ein god måte å ta vare på gamle og verneverdige gravsteinar, og gjera dei synlege.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjeleg fellesråd i Vang

---

### ÅRSMELDING FOR KYRKJENE 2018

Leiar for Kyrkjeleg fellesråd har vore Kristin Bakke Lajord, Kai Arne Tørstad er nestleiar. Leiarar i sokneråda: Kjell Stende i Øye, Kristin Bakke Lajord i Vang, Ellen Anne Hovda i Heensåsen og Sidsel Offergaard Jevne i Høre.

#### Mål for fagområdet:

- Gje eit best mogleg kyrkjeleg tilbod til kommunen sine innbyggjarar.
- Skape trivsel og tryggleik for tilsette.
- Kyrkja skal vere ein aktiv medspelar i det lokale kulturlivet til glede for bygdefolk og tilreisande.
- Kyrkjene i Vang skal medverke til eit godt oppvekstmiljø for born og unge i kommunen.
- Legge til rette for besøkande og brukarar av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halde kyrkjer og kyrkjegardar godt i hevd og i god stand så dei framleis kan vere ein viktig del av kommunen sitt ansikt utad.
- Gjere kyrkjer og kyrkjeleg aktivitet kjend for turistar og hyttefolket i Vang. Auke informasjon og synleggjere gjennom gamle og nye media. Bruke facebook og heimesida for kyrkjene i Vang.

#### Frå kyrkja i Vang sitt arbeid kan nemnast:

- **Statistikk.** I kyrkjene vart det i 2018 halde 81 gudstenester med i alt 4110 deltakarar, 8 døypte, 11 konfirmerte, 8 par vigde, 14 gravlagt, og 8 konsertar med 900 tilhøyrarar.
- **Kyrkjeleg fellesråd** har hatt 5 møter og behandla 21 saker. Vi har 12 tilsette i ca. 3,5 årsverk. Det blir stadig stilt større krav til fellesrådet sine oppgåver, t.d. dokumentasjon, så til tider er det knapt med tid for kyrkjeverja. Fellesrådet vedtok at aldersgrensa for fast tilsetjing i Kyrkjeleg fellesråd skal vere 72 år, og då var det mange som måtte slutte, medan nye krefter vart tilsett. M.a. vart ny organist/kantor tilsett i vel 80 % stilling.
- **Strategiplan for kyrkja i Vang.** Sokneråda, fellesrådet og soknepresten har revidert strategiplanen for kyrkja i Vang der mål for arbeidet og tiltak er sett ned.
- **Barn og unge.** Etter at kristendomsundervisninga vart endra til eit allment orienteringsfag om religion i skulen, sørger no kyrkja sjølv for opplæringa for alle aldersgrupper frå 0-18 år. Valdres prosti har i fleire år fått ei fast tildeling av midlar til trusopplæring over statsbudsjettet. Vang har ei 20% stilling for trusopplærar som vert delt mellom Anne L Belsheim som er med på aktivitetar, og Guro Hovda som har hovudfokus på det administrative. I samband med dåp og konfirmasjon har vi hatt gode opplegg i mange år. LysVaken for 11-åringar og Tårnagentar for 8-åringar, Dåpsskule for 6-åringar, og Babysong har vorte gode og populære aktivitetar med stort frammøte, og no har vi aktivitetar for nesten alle aldersgruppene. Soknepresten og trusopplærarane har, i samarbeid med sokneråda, ei heilt nødvendig oppgåve i organiseringa av trusopplæringstiltaka.
- **Onsdagskafeen i Drengestøga** er eit diakonalt og sosialt møtepunkt, der ein kan få ein prat over kaffikoppen. Vaffelsteikinga går på omgang av frivillige. Ein kan og få seg ein trimtur med utgangspunkt frå Drengestøga.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjeleg fellesråd i Vang

---

- **Opne kyrkjer.** Øye stavkyrkje og Høre stavkyrkje har vore opne med omvising i skuleferien. Valdres Destinasjon står for administrasjonen av omvisinga, og sokneråda følgjer opp det praktiske. Besøkstalet gjekk litt ned i Øye, og drastisk ned i Høre, utan at vi har funne forklaringa på det. Eit stavkyrkjeforum der Valdres natur- og kulturpark og er med, arbeider med fellestiltak i Valdres når det gjeld omvising, publikasjonar, marknadsføring, opplæring av omvisarar m.m. Kurset for omvisarane i guiding og elles informasjon om heile Valdres som eitt område er svært nyttig, og målet er å fortsetje dette. I 2014 vart Stavkyrkjeeigarforum oppretta. Dette nasjonale forumet skal ha fokus på merkevarebygging og å auke verdiskapinga gjennom samarbeid med alle stavkyrkjeeigarar.  
St. Tomas-kyrkja har vore open utan omvising. Vang kyrkje var open med tilsyn nokre veker. Mange var innom, og soknepresten og soknerådet ynskjer å fortsetje dette.
- **Kultur i kyrkjene.** Kyrkjene er gode konsertlokale og i løpet av året er det mange konsertar med både klassisk musikk, viser, folkemusikk, kor og korps. Lokale musikarar bidreg både med eigne konsertar og ved mange gudstenester.
- **Pilegrimsveg og kyrkjepass.** Vang prestegjeld samarbeider med heile prostiet om den merka pilegrimsvegen gjennom Valdres. Kvar sommar går det ein felles vandring frå Hedalen til St. Tomaskyrkja med besøk i mange av kyrkjene våre. Det er og enkeltpersonar og mindre grupper som går vegen åleine. Vegen vekker merksemd i heile landet og er med på å gjere Vang og Valdres kjend på ein positiv måte. Som einaste prosti i landet har Valdres eit eige kyrkjepass. Passet er stadig i bruk både av fastbuande og turistar.
- **Informasjon på nettet.** Facebook-sida «Kyrkja i Vang» har vore flittig brukt av mange i Vang og andre stader. Der blir aktuelle saker og bilete frå diverse aktivitetar lagt ut. Det vart laga ei eiga nettside for kyrkja: «kirken.no/vang». Det er dagleg leiar og soknepresten som administrerer dette.
- **Høyring:** I samband med skiljet mellom stat og kyrkje får sokneråda og fellesrådet mange høyringar å ta stilling til. Så også i år, då det var sjølvne ordninga som var tema. Det er viktig at også vi som er små seier vår meining, slik at ikkje berre dei store blir høyrte.
- **Økonomiarbeid.** Rekneskapen for 2018 viser eit netto mindreforbruk på kr. 176 708. Det er kommunikasjon mellom fellesrådet og kommunen når det gjeld økonomiarbeidet, men det har forbettringspotensiale. For at kyrkjeverja skal kunne vere oppdatert, er det ynskjeleg at ho kan vere meir med i leiarmøta når det er aktuelle saker som vert teke opp. Fellesrådet fekk varsel om at kyrkja og må vere med og spare frå 2019, og dette vart eit tema på møta i 2018.
- **Øyebakkin; Servicebygg, vassforsyning, utviding av kyrkjegard, parkeringsplass og ny veg i Øye.** Reguleringsplanen er godkjent, og det raude huset skal bli teknisk bygg/omvisarhus. Planen no er at så mykje som mogleg av arbeidet skal gjerast i 2019.
- **Utvida parkering ved Heensåsen kyrkje.** Ved kyrkja er det få parkeringsplassar, og etter forslag frå kommunen, er det sett i gang arbeid med å få utvida parkeringsplassen ved krysset aust for kyrkja. Soknerådet set pris på tiltaket.
- **Universell utforming.** Alle dei fire sokneråda har søkt om å fjerne ein heil eller halv kyrkjebenk, slik at rullestolbrukarar kan sitje saman med resten av kyrkjelyden, og ikkje i midtgangen. Biskopen/Riksantikvaren har godkjent søknadene i 2 kyrkjer, og vidare arbeid må til i dei to andre kyrkjene.





# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjeleg fellesråd i Vang

---

- **Muslimsk gravfelt** Som gravferdsetat for alle har vi plikt til å sørge for at muslimar og kan gravleggast etter sine krav. Areal er sett av på Vang kyrkjegard, teknisk etat har vore med, og det muslimske gravferdsbyrået Al-Khidmat tilbyr hjelp med å finne riktig retning på gravene. Arbeidet vart ikkje ferdig i 2018.
- **Vedlikehald.** Vedlikehaldslista blir teke opp ein gong i året. På dei årlege dugnadene på kyrkjegardane blir det gjort mykje praktisk arbeid, og er ein viktig arena for utveksling av gode tankar og idear. Samarbeidet mellom kyrkja og kommunen har vore godt. I Vang kyrkje vart råte i eit hjørne reparert. Trappa til Heensåsen kyrkje vart mura opp att, og på kyrkjegarden vart nytt gjerde sett opp og mange store tre vart teke ned. For midlane som ikkje var brukt i 2017 fekk kyrkjene i Øye og Vang nye løparar, og pianoet i Vang kyrkje vart restaurert. Drengestøga ligg midt i sentrum, og plasten innanfor glasa i loftet er godt synleg. Vi har bedt kommunen – som eig huset - om å byte ut glasa.
- **Vedlikehaldsbehov 2019** Heensåsen kyrkje treng måling og tilkomsten til tårnet må sikrast. Toalettet i Høre treng oppussing. I Vang kyrkje er det meir arbeid som bør gjerast der det var råteskade.

### Utfordringar framover:

- Utvikle dei gode kyrkjelege tiltaka for barn og unge, og innarbeide kyrkjelege trusopplæringstiltak for alle årskull.
- Arbeide for at arbeidet på Øyebakkin blir sett ut i livet.
- Gjennomføre godt vedlikehald på kyrkjer og bårhus.
- Arbeide for at Valdres Destinasjon kan halde ope begge stavkyrkjene.
- Samarbeide med andre stavkyrkjeeigarar og Valdres natur- og kulturpark om omvising og andre fellestiltak.
- Gi god informasjon på nettet. Gjere både kyrkjer og kyrkjelege aktivitetar meir kjent for turistar, - både dei som dreg gjennom Vang og dei som har hytter/fritidshus i Vang.